

Strategi for omstilling og nyskaping i industrien i Hordaland

Vedtatt av Omstillingsutvalet 18. desember 2015, revidert 24. april 2019



Omstillingsutvalet



Anne Gine Hestetun
Fylkesordfører



Astrid Aarhus Byrknes
Ordfører Lindås



Silja Ekeland Bjørkly
Fylkesutvalet



Kurt Andreassen
Direktør CCB Ågotnes



Stian Nyhus
Regionssjef NITO Vest



Anne Kverneland Bogsnes
Fylkesdirektør NAV



Lars Solberg
Direktør Apply Leirvik



Roar Abrahamsen
Leiar Felleforbundet, avd 5



Nina Broch Mathisen
Fylkesdirektør IN



Ingrid von Streng Velken
Konserndirektør I&U BKK

Innhald

Omstillingsutvalet	1
Innhald	2
1. Bakgrunn.....	3
1.1 Mandat for omstillingsutvalet	3
1.2 Rammer og bruk av verkemiddel.....	4
1.3 Samarbeid.....	4
2. Overordna mål og strategiske innsatsområde	5
2.1 Omstilling og nyskaping i industrien	5
2.2 Tiltak for å skape ny vekst i	5
etablerte SMB-bedrifter i industrien	5
2.3 Tiltak som styrker industrien i arbeidet med	6
ny teknologi, auka digitalisering og automatisering	6
2.4 Felles tiltak knytt til rammevilkåra for industrien	6
3 Oppfølging og vidare arbeid	6
4. Kontaktinformasjon og lenkjer	7

1. Bakgrunn

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa etter oljeprisfallet i 2014 skapte eit behov for samordna regional innsats for å jobbe med problemstillingar knytt til utfordringane for leverandørindustrien. Hordaland fylkesutval vedtok 18. juni 2015 å setje av fem millionar kroner øyremerkt til omstilling i petroleumssektoren. Samstundes vart det oppnemnd eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakar-sida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen. Hordaland fylkesutval vedtok 22. september 2016 å setja av ytterlegare fem millionar kroner øyremerkt til delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Fylkesutvalet vedtok også at midlane må sjåast i samheng med realiseringa av eit grønt skifte.

I februar 2018 vedtok fylkesutvalet å vidareføre arbeidet til omstillingsutvalet. Mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i industrien blei også vidareført. Samstundes vedtok fylkesutvalet å utvide utvalet med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurransekraft», industriell utvikling og fornybar energi.

I oppdragsbrevet for 2019 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blir det peikt på at Hordaland fylkeskommune har det leiande ansvaret for utvikling, samordning og

oppfølging av dei regionale måla, og for strategiane regionalt. Fylkeskommunen skal òg mobilisere og samordne ulike lokale og regionale aktørar som er viktige for regional utvikling i fylket, i tråd med dei regionale måla. I oppdragsbrevet er det i tillegg lagt inn fleire overordna mål i regional- og distriktpolitikken. Måla legg vekt på å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

Fylkestinget løyvde i budsjettet for 2019 ti millionar kroner til å styrke næringsutviklingsprosjekt med fokus på fornybarsatsing, reduksjon av klimautslépp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet. Då fylkesutvalet handsama budsjettet for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» i januar 2019 vart desse midlane øyremerkt ei eiga søknadsbasert satsing på «*grøn konkurransekraft*». Dette er ikkje til hinder for at også midlane til omstilling kan nyttast til «*grøne*» industriprosjekt.

Fylkesutvalet vedtok i mars å vidareføre omstillingsutvalet sitt mandat til å gjelde ut 2019. Etter dette blir det gjort ei vurdering av arbeidsform og oppnådde resultat før ein avgjer om, og i tilfelle korleis, arbeidet skal vidareførast.

1.1 Mandat for omstillingsutvalet

Mandatet til omstillingsutvalet er å utarbeide ein strategi med prioriterte innsatsområde, basert på innspel frå næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, verkemiddelapparat og politisk miljø. Strategien skal vere grunnlag for det administrative arbeidet som skal leggje til rette for at det vert gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for

å lette den strukturelle omstillinga knytt til industrien, og til regionar med særlege omstillingsbehov. Dette inneber også at utvalet skal ta kontakt med sentrale styresmakter, og arbeide saman med desse, for å styrke omstillingsarbeidet i industrien.

1.2 Rammer og bruk av verkemiddel

Samla ramme for omstillingsmidlane i 2019 er 12,2 mill. kroner. Midlane skal nyttast til omstilling og nyskaping i industrien, styrkje og vidareutvikle bedrifter innan sektoren og bidra til lønnsame og varige bedrifter og arbeidsplassar.


Midlane vil bli forvalta av Hordaland fylkeskommune, og søknader om midlar sendast på van-

leg måte gjennom fylkeskommunen sitt søknadssystem. Denne strategien gir rammene for kva type tiltak som skal prioriterast. I særskilte tilfelle kan det vere aktuelt å konsultere styringsgruppa kring ein skilde søknader. Det er eit mål å prioritere tiltak og prosjekt som kan setast i verk raskt.

1.3 Samarbeid

I gjennomføringa av strategien er det viktig med samordna innsats innan dei prioriterte innsatsområda. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot nærings-

utvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. Sentrale aktørar for å få god forankring i verkemiddelbruken er Innovasjon Noreg Hordaland, NAV Hordaland, partane i arbeidslivet og Hordaland fylkeskommune.



2. Overordna mål og strategiske innsatsområde

Målet med omstillingsmidlane er å bidra til utviklinga av ein omstillingsdyktig industri, og på den måten sikre noverande og skapa nye arbeidsplassar. Midlane skal kunne nyttast som utløysande delfinansiering av konkrete tiltak og prosjekt knytt til kompetanseheving, omstilling, innovasjon og nyskaping. Følgjande fire strategiske innsats-område er definerte for å målretta bruken av midlane:

1. Omstilling og nyskaping i industrien
2. Tiltak for å skape ny vekst i etablerte SMB-bedrifter i industrien
3. Tiltak som styrker industrien i arbeidet med ny teknologi, auka digitalisering og automatisering.
4. Felles tiltak knytt til rammevilkåra for industrien.

2.1 Omstilling og nyskaping i industrien

Aktuelle tiltak kan vere knytt til kompetanseheving, strategiarbeid, eller omstillingsutfordringar. Det er viktig at virkemiddelbruken sjåast i samanheng med kompetansen og verkemidlane til IN og NAV.

- Fellestiltak for å styrke intern kompetanse og kapasitet knytt til omstilling.
- Tiltak for å sikre samarbeid mellom bedrift og universitet/høgskule

- Tiltak som sikrar rett tilbod av utdannings- og lærlingplassar, og gjer tilbodet betre tilpassa industrien sine behov knytt til omstillingsutfordringane.
- Tiltak for å sikra ny industriutvikling knytt til den planlagde CO2- Huben i Øygarden.
- Samarbeid mellom bedrifter, regionar og bransjar for å få til betre utnytting av kapasitet, utstyr og ressursar.

2.2 Tiltak for å skape ny vekst i etablerte SMB-bedrifter i industrien

På dette innsatsområdet er det størst potensiale for å skapa nye arbeidsplassar. Etablerte selskap kan også opprette og hjelpe nye bedrifter som satsar på nye produkt. Mange bedrifter er no i ein heilt ny situasjon der verdikjeder og rammevilkår er i stor endring. I følgje Innovasjon Norge (IN) er det eit stor unnytta potensial for vekst i arbeidsplassar og innovasjon i SMB-bedrifter som typisk har 20 til 50 millionar kroner i omsetning. Dette er ofte solide bedrifter som leverer gode produkt og tenester, men som kan ha behov for å bli utfordra på vidare vekst. Auka omsetning for desse bedriftene vil skapa nye arbeidsplassar, som igjen er verdifulle for vår region. Prioritering av intraprenørskap og innovasjonskultur i eksisterande næringsliv vil også

generera fleire gode gründerbedrifter i Hordaland. Omstillinga vil krevja tung satsing på kompetansetiltak, meir kunnskap om digitalisering og robotisering, nye og grønarare forretningsmodellar, og tilpassing til nye marknader nasjonalt og internasjonalt. Mykje av omstillinga må skje i levedyktige bedrifter som framleis har vekstpotensial.

- Stimulere til vekst og auka sysselsetting i SMB-bedrifter. Prioritere kommunar/regionar der behovet er størst.
- Meir innovasjon i offentlege innkjøp, og bruk av offentlig innkjøpsmakt.
- Kurstilbod til SMB-bedrifter som kan levere varer og tenester til offentleg sektor

2.3 Tiltak som styrker industrien i arbeidet med ny teknologi, auka digitalisering og automatisering

Fire strategiske teknologiområder er trekt fram som særleg viktige for Norge i tida framover: kunstig intelligens, stordata, tingas internett og autonome system. Med dette som utgangspunkt er fylgjande tiltak prioritert på dette innsatsområdet:

- Tiltak som bidrar til å utvikle industrielle løysingar for digitalisering og robotisering
- Industriell utvikling basert på sensorar, algoritmar og programvare for kunstig intelligens,
- Tiltak som rettar seg mot marknader som går på tvers av dei tradisjonelle industrisektorane.

2.4 Felles tiltak knytt til rammevilkåra for industrien

Dette vil primært vere ei påverkings-oppgåve for regionalt politisk nivå, ofte i samarbeid med aktuelle kommunar, interesseorganisasjonar og offentlege og private utviklingsaktørar. Betre rammevilkår er også eit sentralt tema for arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane. Omstillingsutvalet ynskjer difor dialog og innspel om rammevilkåra, men vil ikkje setje av økonomiske midlar til dette innsatsområdet.

- Betre vilkår for bedriftsintern opplæring (BIO), både for den enkelte, bedrifta og samfunnet.
- Styrke tilsyn og kontrollapparat med ein tiltakspakke for å motverke sosial dumping og svart arbeid

- Unngå stans og utsettingar av ordinære vedlikehaldsoppdrag i oljebransjen.
- Betra regelverket til NAV slik at studenter som studerer ved sida av jobb, og som har blitt, eller står i fare for å bli, permittert/nedbemanna, har rett på dagpengar dersom dei held fram med studiet.
- Bidra til å halde oppe framdrift og trykk i det statlege arbeidet med å etablere CO2-Hub i Øygarden

3 Oppfølging og vidare arbeid

Det er eit mål å prioritere tiltak og prosjekt som kan settast i verk raskt. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast innan utgangen av 2019 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

4. Kontaktinformasjon og lenkjer

For ytterlegare informasjon, sjå

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/naringsutvikling/filer/omstilling/framlegg-til-strategi-for-omstilling-av-industrien-i-hordaland--22.03.19.pdf>

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune:

Arthur.Kristian.Arnese@hfk.no, tlf. 97 09 30 86

Hans.Inge.Gloppen@hfk.no, tlf. 97 41 40 40

Torill.Monstad@hfk.no, tlf. 98 84 01 12

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no